



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 06.08.2014 kl. 15:15

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Inger Lise Saltskår	Medlem
Jorunn Ringstad	Medlem
Linda Karin Solheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Varamedlem

---

### Forfall:

Anne Grethe Lien	Nestleiar
Jostein Vidar Takle	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Åge Guddal	Medlem

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Saksh
2014/39		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RZ
2014/40		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 05.06.2014	RZ
2014/41		Skriv og meldingar	RZ
2014/42		Tariffrevisjonen pr. 01.05.2014 - uravstemming	RZ
2014/43		Uravstemming - ny Hovudavtale pr. 01.01.2014	RZ
2014/44		Ny varmeløysing og oppgradering av elektrisk anlegg.	RZ

		Holmedal kyrkje.	
2014/45		Utviding Askvoll kyrkjegard. Budsjettramme.	RZ
2014/46		Driftsbudsjett 2014. Budsjettjustering grunna redusert rammetilskot frå kommunen.	RZ
2014/48		Offerliste 7. september	RZ
2014/49		Møteplan haust 2014	RZ

Askvoll, 07.08.2014

Rune Ziener  
Ref.

---

## SR 2014/39 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

---

## SR 2014/40 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 05.06.2014

### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 05.06.2014 som den ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

Jorunn Ringstad ba om endring i protokollen frå sist møte, fordi det ikkje gjekk fram at nokre soknerådsmedlemmer ikkje var med på dei første sakene i det møtet.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 05.06.2014 som den ligg føre, med dei endringane Ringstad sette fram.

---

## SR 2014/41 Skriv og meldingar

### UTGREIING

M 27/2014: Bjørgvin biskop: *Svar på søknad om godkjenning av ny gudstenesteforordning* (12.06.2014)

M 28/2014: Testamentarisk gåve, kr 10.000,- til Holmedal kyrkje

M 29/2014: Innhenting av tilbod på prosjektering av utbetring Kvammen kapell

M 30/2014: Drøftingssak: Evaluering av inneverande soknerådsperiode

M 31/2014: Rentekompensasjon for prosjektet nytt varmesystem Holmedal kyrkje

## **INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

## **MØTEHANDSAMING**

Det kom fram forslag om at ein fattar vedtak i meldingssak 29.

Det kom fram forslag om at grunna høgt forfall blant dei faste medlemmene vart drøftingssak 30 utsett.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering, sjå for øvrig tillegg under møtebehandling.

---

## **FR 2014/42 Tariffrevisjonen pr. 01.05.2014 - uravstemming**

### **UTGREIING**

Dei sentrale avtalepartar i KA sitt tariffområde kom 19. juni til semje om forslag til ny Hovudtariffavtale for perioden 01.05.2014-30.04.2016.

KA-rundskriv 06/14 gjer greie for hovudpunkt i forslag til ny Tariffavtale.

Forslaget går no til uravstemming mellom medlemmene. Frist for avstemming er sett til 20.08.2014.

KA sitt styre tilrår medlemmene å stemme JA til forslaget.

## **INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd stemmer JA til forslaget til ny Hovudtariffavtale for 01.05.2014-30.04.2016.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd stemmer JA til forslaget til ny Hovudtariffavtale for 01.05.2014-30.04.2016.

---

## **FR 2014/43 Uravstemming - ny Hovudavtale pr. 01.01.2014**

### **UTGREIING**

Dei sentrale partane i KA sitt tariffområde kom 20.juni til semje om forslag til ny Hovudavtale for perioden 01.01.2014-31.12.2017. Forslaget går no til uravstemming mellom medlemmene.

KA-rundskriv 07/14 gjer greie for endringane frå førre Hovudavtale. Endringane er ikkje omfattande.

Frist for avstemming er sett til 20.08.2014.

KA sitt styre tilrår medlemmene å stemme JA til forslaget til ny Hovudavtale.

## **INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd stemmer JA til forslaget til ny Hovudavtale for perioden 01.01.2014-31.12.2017.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd stemmer JA til forslaget til ny Hovudavtale for perioden 01.01.2014-31.12.2017.

---

## **FR 2014/44 Ny varmeløysing og oppgradering av elektrisk anlegg. Holmedal kyrkje.**

### **UTGREIING**

Askvoll sokneråd har ei tid arbeidd med eit prosjekt med å få til ny varmeløysing for Holmedal kyrkje. I samband med at ein ønskjer å fjerne ein del benkar både bak og foran i skipet, vil ein no ha moglegheit til å erstatte eksisterande rørovar med ei meir moderne og energieffektiv løysing.

I 2012 fekk ein eit tilbod på installering av nytt varmesystem, men p.g.a. regelverk om offentlige anskaffelser vart det på forsommaren 2014 gjennomført offentlig tilbods konkurranse.

Ein mottok ingen tilbod i samband med konkurransen, og kyrkjeverja har derfor kontakta tilbydar direkte, for å få justert tilbodet frå 2012.

Nytt tilbod vert dessverre ikkje klart før utsending av møtepapira, men tilbydar antyder om lag 5% prisauke frå førre tilbod, så ein ligg innafør budsjetttramma i investeringsprosjektet.

Tilbodet omfattar utskifting av rørovar med varmelister i benkar og på vegg, varmestyring og nødvendig oppgradering av elektrisk innlegg. Med tanke på at Holmedal kyrkje er listeført hos Riksantikvaren, vert det stilt særlege krav til diskre innstallasjonar, noko denne ovnstypen ivaretek omsynet til både p.g.a. diskre plassering i benkane og at det vert lakkering i farge tilsvarande benkefargen.

Utskifting av ovnane krev godkjenning av biskopen.

## **INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd vedtek å akseptere motteke tilbod på ny varmeløysing og oppgradering av elektrisk anlegg i Holmedal kyrkje.

2. Søknad om installeringa vert sendt Bjørgvin biskop for godkjenning.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek å akseptere motteke tilbod på ny varmeløysing og oppgradering av elektrisk anlegg i Holmedal kyrkje.

2. Søknad om installeringa vert sendt Bjørgvin biskop for godkjenning.

---

## FR 2014/45 Utviding Askvoll kyrkjegard. Budsjettramme.

### UTGREIING

Prosjektet med utviding av Askvoll kyrkjegard er sett opp med ei investeringsramme på kr 1,235 mill i 2014. Ein har no motteke tilbod etter tilbodskonkurransen, og ein ligg an til å mangle om lag 1,3 mill (inkl. prosjekteringskostnader) til å få realisert fullstendig prosjekt (dette omfattar ikkje driftsbygg).

Det er mogleg å gjere reduksjonar i prosjektet, men ein vil då sjølvsagt få ein lågare anleggsstandard, t.d. ved å ikkje oppruste vegar med grising og kantstein, kutte nye vannpostar, lyssetting av gangvegar, ny beplanting og opprusting av eksisterande steinmur. Reduksjonar vil kunne gje ein prosjektkostnadsreduksjon med om lag kr 740.000,-.

#### Framdrift

Det er tilrådd i prosjektplanen at arbeidet gjerast over to år (haust 2014 og vår 2015).

2014: Prosjektering, rigg og anleggsarbeid forventa kostnad kr 1,43 mill. *Det er mogleg at denne vil kunne verte redusert med om lag kr 200.000,- med forhandling om motteke tilbod. I så fall vil gjeldande investeringsramme for 2014 halde.* Det vert eit møte med tilbydar 4. august, og ein veit truleg meir om eventuell reduksjon etter dette.

2015: Anleggsgartnararbeid med forventa kostnad kr 0,36 mill.

2015: Tilrådd anleggsgartnararbeid, elektro og gartnararb. med forventa kostnad kr 0,74 mill.

Med slik framdrift vil ein ha behov for oppjustering av prosjektramme med:

2014: Auke kr 195.000,- (dersom ein ikkje får redusert pris på prosjektdelen for dette året).

2015: Auke kr 1.100.000,-

Ein bør søkje Askvoll kommune om nødvendig auke i investeringsramma.

### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd søker Askvoll kommune om styrking av investeringsramme til prosjekt utviding av Askvoll kyrkjegard med kr 1.295.000,- fordelt med kr 195.000,- i 2014 og 1.100.000,- i 2015.

### MØTEHANDSAMING

Det vart lagt fram fleire opplysningar i saka i møtet etter at det hadde vore møte mellom entreprenør, konsulent på prosjektet og kyrkjeverja. Kyrkjeverje oppjusterte sitt tal om tilleggsløyving for 2014 til prosjektet med kr 10.000,-

Det vart sett fram forslag om at kyrkjeverja får utarbeidd eit orienteringsskriv om usikkerheitsmomenta i prosjektet knytt til avfallshandtering, som vert lagt ved søknaden til kommunen.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd søker Askvoll kommune om styrking av investeringsramme til prosjekt utviding av Askvoll kyrkjegard med kr 1.295.000,- fordelt med kr 205.000,- i 2014 og 1.100.000,- i 2015.

2. Kyrkjeverje får utarbeidd eit orienteringsskriv om usikkerheitsmomenta ved avfallshandteringa i prosjektet som vert lagt ved søknaden til kommunen.

## FR 2014/46 Driftsbudsjett 2014. Budsjettjustering grunna redusert rammetilskot frå kommunen.

### UTGREIING

Askvoll kommune har i k-sak 045/14 vedteke å redusere rammetilskot for 2014 til Askvoll sokn med kr 100.000,- ut pga. dei økonomiske forholda kommunen står i inneverande år.

Askvoll sokn har budsjettert med balanse i driftsbudsjettet, og ein må finne rom for å kompensere for denne reduksjonen i rammetilskot.

#### 1. Inndekking med reduksjon i VU-plan

Der ein umiddelbart kan gjere innsparingar er ved å redusere i tiltak i soknet sin vedlikehalds- og utviklingsplan. Den er sett med ei ramme på kr 296.000,- for 2014, og inneheld desse tiltaka:

Status		Stip. Kostnad	Finansiering
<b>Vedlikehalds- og utviklingsbehov</b>	<b>Driftsmidlar</b>		
Barnekrok Holmedal kyrkje	16000	-16000 (fond)	U
Reparasjonar Holmedal kyrkje	50000	-50000	U
Overføring til investering (Kvammen)	80000	-80000	D
Takreparasjon, Vilnes	50000	-50000	U
Digitalt speilreflekskamera	5000	-5000 (fond)	F
Oppgradering, gravplassutstyr	40000	-40000	D
Oppgradering brannsikring	5000	-5000	U
Oppgr. trådlaussystem,mikrofonar	20000	-20000	F
Bandutstyr Askvoll kyrkje	30000	-30000 (fond)	F
	296000	-296000	

Tiltaksstatus:

U=Urealisert

D=Dels realisert

F=Ferdig/realisert

Når ein ser bort frå dei realiserte og fondsfinansierte tiltaka i VU-plan for 2014 er det for resten av budsjettåret resterande om lag kr 214.000,- som kan nyttast til reduksjon for å kompensere for redusert løyving.

Reparasjonar Holmedal kyrkje	50000
Takreparasjon, Vilnes	50000
Oppgradering brannsikring	5000
Oppgradering gravplassutstyr (rest)	29000
Restbeløp, Kvammen (ca.)	80000
<b>Sum</b>	<b>214000</b>

#### Konsekvens:

Planlagte tiltak vert utsett.

#### 2. Inndekking med stillingsreduksjon

Innsparingar i vu-planen vil alltid vere ei kortsiktig løysing, i og med at ein vil få igjen desse utgiftene på eit seinare tidspunkt uansett. Om reduksjonen gjeld utsett vedlikehald, kan ei mellombels reduksjon også vere ei fordyrande løysing på sikt. Om ein skal ha full effekt av ein reduksjon, må ein gå inn for varige reduksjonar i driftsnivå.

Dei siste åra har soknet redusert bemanning både innanfor administrasjon og gravplassvedlikehald.

Inneverande år prøver soknet óg å redusere noko på kyrkjetenarressursen, ved tilsettingar i lågare stillingsprosent enn tidlegare. Ein vil få ei innsparing på om lag 40.000,- pr. år med denne reduksjonen, men likevel ikkje full effekt før 2015. For inneverande år vil verknaden ha omlag 1/3 av fullårseffekt, altså om lag kr 12.000,-.

**Konsekvens:**

Mindre kyrkjetenarressurs.

**3. Inndekking med meirinntekt på festeavgift**

Om ein ser på inntektssida vil soknet få inn ein god del meir i festeinntekt enn ein har budsjettert. Ved utgangen av juli ligg inntekten her om lag kr 50.000,- over budsjett. Meirinntekt her kan nyttast til å kompensere for redusert løyving.

**Konsekvens:**

Ingen særskilt, men det vert reduksjon i ikkje budsjetterte frie driftsmidlar.

**Forslag til inndekking av redusert rammetilskot frå kommunen i 2014:**

Konto		Innt. opp/utg. ned	Innt. ned/utg. opp
38300.200.04100.000	Rammetilskot frå kommune		100000
30100.200.04200.000	Lønnskostnad kyrkjetenarar	-12000	
32700.200.04200.000	Reparasjonar Holmedal kyrkje	-50000	
36301.200.04300.000	Festeavgift	-38000	
<b>Kontrollsum</b>		<b>-100000</b>	<b>100000</b>

**INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Grunna reduksjon i rammeoverføring frå kommunen på kr 100.000,- i inneverande rekneskapsår, vedtek soknerådet budsjettjustering i samsvar med forslag frå kyrkjeverja.

**SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Grunna reduksjon i rammeoverføring frå kommunen på kr 100.000,- i inneverande rekneskapsår, vedtek soknerådet budsjettjustering i samsvar med forslag frå kyrkjeverja.

---

**SR 2014/48 Offerliste 7. september****UTGREIING**

Oppsett offerliste gjeld t.o.m. august månad. Det er sett opp gudstenesteliste for hausten, men grunna møtetidspunkt kan ein ikkje hente inn fullstendige forslag for heile hausten. Fullstendig liste vert derfor vedteke på soknerådsmøtet som er planlagt 10.09.

Bulandet kyrkjelydsutval har sett opp forslag til offerliste for hausten, og føreslær offer til Bulandet kapell i september.



Askvoll kyrkjelydsutval har ikkje sett opp noko forslag, så her kan ein t.d. ha offer til kyrkjelydsarbeidet.

## **INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd vedtek at offer 7. september i Bulandet kapell går til Bulandet kapell og offer i Askvoll kyrkje går til kyrkjelydsarbeidet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek at offer 7. september i Bulandet kapell går til Bulandet kapell og offer i Askvoll kyrkje går til kyrkjelydsarbeidet.

---

## **SR 2014/49 Møteplan haust 2014**

### **UTGREIING**

Det har komme ønske i soknerådet om at det vert sett opp møteplanar for å sikre betre forutsigbarhet for rådsverksemda.

Forslag til møteplan hausten 2014 ut frå kjende fristar, samt aktuelle saker:

- 6. august (prosjekt Holmedal kyrkje, tilsetning kyrkjetenar, uravstemming - tariffrevisjon)
- 10. september: (budsjettforslag/økonomiplan 2015-2018, 2. tertialrapport med mogleg budsjettjustering, høyring «Lik og likskap», førebu lokale forhandlingar/vedta fullmakter)
- 15. oktober: (evt. innspel til administrasjonen sitt forslag til kommunebudsjett 2015, val av leiar/nestleiar for 2015 )
- 3. desember (, vurdering leiarlønn, kandidatforslag bispedømmerådet, førebu val 2015)
- 14. januar 2015 (budsjettvedtak/vedlikehalds- og utviklingsplan 2015)

## **INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for hausten 2014 som den ligg føre.

### **MØTEHANDSAMING**

Det vart sett fram forslag om at ein kan vedta forslaget mellombels, men at saka vert teke opp til ny vurdering i neste møte grunna høgt forfall av faste medlemmer i dette møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for hausten 2014 som den ligg føre, men vert teke opp til ny vurdering i neste møte fordi det var høgt forfall av faste medlemmer i dette møtet.

## **FR 2014/50 PROSJEKTERING KVAMMEN KAPELL**

### **MØTEHANDSAMING**

Saka vart endra frå skriv- og meldingssak til vedtakssak i møtet

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vel innkomme tilbod frå Norconsult for å ta prosjekteringa på restaurering av Kvammen kapell.